



Statens vegvesen

Martin Lid Trelast AS
Brynalii 140
5706 VOSS

Kåre Fleten

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Hilde Gunn Stenseth /
56520207

Vår referanse:
16/125930-4

Dykkar referanse:

Vår dato:
28.12.2016

Statens vegvesen sitt svar på søknad om dispensasjon frå byggegrense – bruksendring – Fv. 307 – gnr. 93 bnr. 8 – Voss kommune

Viser til tidlegare søknad om riving av eksisterande garasje/bustad og oppføring av ny. I denne samanheng viser me også til krav om utbetring av avkøyrslø. Vår referanse i denne saka er 14/079731-002.

Det vert no søkt om dispensasjon frå byggegrense for bruksendring av tidlegare verkstad.

Vedtak:

Med heimel i veglova §§ 29 og 30 gir Statens vegvesen dispensasjon frå byggegrense for oppføring/omdisponering av verkstad til ein (1) bustadeining på eigedommen.

Vilkår for dispensasjonen:

Statens vegvesen har etter ei samla vurdering funne å kunne gi dispensasjon frå byggegrense på fylgjande vilkår:

Føresetnaden for dispensasjon frå byggegrense langs fv. 307 er at Voss kommune gjev løyve til omdisponering.

Minste avstand frå bygning (medrekna takutspring) til senterline køyreveg/ev. gang- og sykkelveg må vere 11,5 meter. Fv. 307, Hp. 1, Km. 0,983.

Tiltakshavar må sjølv syte for naudsynte tiltak med omsyn til skjerming mot støv/støy frå vegen slik at grenseverdiane i Miljøverndepartementet sitt rundskriv T-1442 tilfredsstillast. Slike tiltak må handsamast som ein del av byggesaka i kommunen.

Dersom tiltaket vil føre til endringar i samband med tilkomsttilhøva for eigendomen, må det framleis vere opparbeidd tilstrekkeleg areal til å kunne snu på eigen eigedom for å unngå rygging ut på offentlig veg. Viser her til krav i sak 14/079731.

Tiltakshavar må i løpet av 2017 rive eksisterande bygg som ligg nærmast fylkesvegen (nord på eigendomen) og opparbeide parkeringsplass for 4 bilar der bygget i dag står.



Utbetring av avkøyrslø vert ikkje godkjent før desse 4 parkeringsplassane er opparbeidd.

Bygning(e) og arealet må ikkje takast i bruk til andre føremål enn det som går fram av vilkåra i denne dispensasjonen.

Dispensasjonen inneber at det seinare ikkje kan gjerast gjeldande krav på erstatning for skadar og ulemper som eventuelt blir påført bygninga/tiltaket på grunn av nærleiken til fylkesvegen.

Arbeidet må være starta opp innan tre – 3 – år frå dispensasjonen er gitt, elles fell dispensasjonen bort.

Retten til å klage:

Dette vedtaket er eit enkeltvedtak og kan påklagast, jfr forvaltningslova §§ 28–36. Klagefristen er tre – 3 – veker frå du fekk dette vedtaket. Klageinstans er Hordaland

fylkeskommune. Ei eventuell klage sendast til Statens vegvesen som sender saka over til klageinstansen.

Dersom du ynskjer det, har du høve til å sjå dokumenta i saka.

Plan & Forvaltning Voss Hardanger
Med helsing

Carl Erik Nielsen
Seksjonssjef

Stenseth Hilde Gunn
Senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN
Voss kommune, Postboks 145, 5701 VOSS